

Referanseflåten – eit tillitsfullt samarbeid mellom fiskar og forskar

Det er særst viktig at havforskarar som gjev råd om fiskeriforvaltning, har god kunnskap om dei ulike fiskeria. Spesielt viktig er det å vite kor mykje av dei ulike aldersgruppene som blir fiska, sidan dette er grunnlaget for modellane som blir brukt til å rekne ut storleiken på fiskebestandane. Referanseflåten er eit relativt nytt initiativ som tek sikte på å auke observasjonsevna vår, gjere datainnsamlinga og informasjonsflyten mellom forskning og næring endå betre, og gjev forskarane betre høve til å vere på rett stad til rett tid.

Asbjørn Borge
asbjorn.borge@imr.no


Hallvard Godøy
hallvard.godoy@imr.no

Kjell Nedreaas
kjell.nedreaas@imr.no

Referanseflåten er ei utvalt gruppe norske fiskefartøy som, mot økonomisk kompensasjon, gjev Havforskningsinstituttet inngående informasjon om sine enkeltfangstar, sin generelle fiskeriaktivitet og sine observasjonar på havet. Systemet for prøvetaking og handsaming av innsamla data er nesten identisk med systemet som blir brukt på instituttets egne forskingsfartøy.

Eigne kvotar


Ein referanseflåte av havgåande fiskebåtar vart starta opp hausten 2000 og tel no 16 fartøy. Hausten 2005 vart ein tilsvarande kystreferanseflåte etablert frå Varanger til Oslofjorden. Denne tel no 18 garnsjarkar



på 9–15 m. Arbeidet med referanseflåten er sjølvfinansiert ved at norske myndigheiter har avsett ein del av dei norske fiskekvotane til forskings- og forvaltingsføremål. For at drifta av flåten skal gå i økonomisk balanse er det for 2007 avsett 860 tonn torsk nord for 62°N, 40 tonn nordsjøtorsk, 600 tonn blåkveite, 600 tonn NVG-sild og 600 tonn makrell. 60 % av verdien av denne forskingskvoten går direkte tilbake til fiskarane for å dekkje fangst- og salskostnader. Dei resterande 40 % dekkjer sjølve drifta av ordninga og instituttets

utbetaling til fiskarane av mottekne biologiske prøvar.

Havforskningsinstituttet utrustar kvart fartøy med nødvendig utstyr til all prøvetaking, t.d. lengdemåling, øyresteinar, genetik, mageprøvar og diverse miljøprøvar. Instituttet yter kontinuerleg assistanse når det gjeld oppdatering og opplæring i bruken av dette utstyret og korleis prøvetakinga skal utførast. Gjennom eit godt og moderne kommunikasjonssystem, får instituttet ferske og oppdaterte rapportar




og opplysningar frå havet, og kan bestille ekstra eller spesielle prøvar på kort varsel. På den andre sida gjev god og rask kommunikasjon referanseflåten høve til å stille spørsmål til Havforskningsinstituttet mens flåten opererer på havet.

Viktig bidrag

Gjennom dette samarbeidet bidreg referanseflåten til meir kunnskap om ressursar og miljø i havet, og større presisjon av instituttet sine resultat og råd med:

- Kunnskap om kor dei ulike flåtane opererer og kva dei fiskar i løpet av sesongen. Denne informasjonen har igjen fleire viktige bruksområde. Instituttet får blant anna opplysningar om kva delar av sesongen og i kva geografiske område det er viktig å ta prøvar av fangstane;
- Havforskningsinstituttet får prøvar av fisk kontinuerleg gjennom sesongen i motsetnad til prøvane frå forskingstokta som berre blir tatt i avgrensa tidsperiodar kvart år;
- Forskarane får informasjon om artar som ikkje blir fanga så ofte på våre egne faste tokt, t.d. djuphavsartar som brosme, lange, skate og hai. Dette gjeld særleg linefartøya i referanseflåten;
- Observasjonar av sel, kval, nise, delfin, sjøfugl og kongekrabbe gjev også instituttet viktig biologisk informasjon gjennom heile året;
- Registrering av all fangst, inklusiv bifangst, gjev oss informasjon om kor reint eller kor blanda eit fiskeri er, kor-



Figur 4.7.2

Satellittsporing av den havgåande referanseflåten i 2006 som viser kvar denne flåten har segla (blå strekar) og fiska (raude område).

Satellite-tracking showing the area of operation of the high seas Reference-Fleet in 2006.

leis reguleringar fungerer, og korleis målretta og tenlege reguleringar bør formast;

- Havforskningsinstituttet held seg heile tida orientert om den teknologiske utviklinga innan fiskeria ved at referanseflåten gjev oss tekniske opplysningar;
- Ordninga gjer det muleg å teste ny teknologi, t.d. elektronisk fangstdagbok;
- Instituttet kan, gjennom tillitsforholdet til referanseflåten, diskutere kontroversielle saker med mannskap og reiarlag slik at det blir skapt ei felles forståing mellom fiskar og forskar

The Reference Fleet

In order to obtain better and continuous samples from the fishing fleet, as well as knowledge about fleet behaviour and technical developments, 16 high seas and 18 coastal fishing vessels (the Reference Fleet) have been contracted by IMR, some of them since 2001. The fishing boats are equipped and crewmembers trained to conduct sampling. This trust-based cooperation between fishermen and scientists

provides a framework for testing official catch statistics and data collecting systems and procedures (e.g. electronic logbooks). It also provides the scientists with information about species that are usually not covered by the standard research vessel surveys. The cooperation also seems to reduce controversies and builds a common understanding and ownership of data, fisheries regulations and management.